



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato  
12.04.2013  
Dykkar dato  
28.01.2013

Vår referanse  
2013/1541 542.1  
Dykkar referanse  
13/720

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

### Løyve til utviding av MTB for Blom Fiskeoppdrett AS på lokaliteten Otterholmen i Radøy kommune

---

**Blom Fiskeoppdrett AS får løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av 3.600 tonn MTB matfisk av laks og aure på lokaliteten Otterholmen i Radøy kommune. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.**

---

Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Fylkesmannen har regulert dei tilhøva som blir vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

Vi viser til søknad frå Blom Fiskeoppdrett AS av 22. januar 2013 som vart oversendt frå Hordaland fylkeskommune den 28. januar 2013, med ettersending av kommunalt vedtak av 15. mars 2013. Kommunen hadde ingen merknad til søknaden om utviding av MTB på lokaliteten.

Verksemnda søker om løyve til utviding av MTB i anlegget frå 1.560 tonn til 3.600 tonn utan endring av anleggsstruktur eller arealbruk.

Løyvet erstattar tidlegare vedtak og gjeld på dei vilkåra som følgjer vedlagt. Det er ikkje gyldig før Hordaland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Løyvet gjeld òg for utslepp frå reingjering av produksjonsutstyr og medisiner. Det er sett vilkår for handtering av fiskeavfall og anna avfall ved anlegget. Løyvet gjeld ikkje for slakting, sløying og foredling av fisk.

Dersom løyvet ikkje er teke i bruk innan to år, må verksemnda melde frå til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 20.

Fylkesmannen vil påpeike at negative miljøpåverknader isolert sett er uønskt. Verksemnda pliktar å redusere utsleppa så langt det er mogleg utan urimelege kostnader og pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemnda å overhalde forureiningslova, produktkontrolllova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene

er nemnt i løyvet. Vi viser til [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no) for informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda.

Fylkesmannen har ikkje sett krav til substitusjon av kjemikalie i løyvet. Krav til substitusjon følgjer direkte av produktkontrolllova § 3a.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

### **Vurdering**

Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.

#### *Tilhøvet til plan*

Dette tiltaket inneber ingen fysiske endringar på anlegget eller endra arealbruk.

#### *Lokalitet og resipient*

Lokaliteten Otterholmen ligg nord på Radøy og har nordre del av Hjeltefjorden som resipient. Denne fjorden har vassutskifting mot ope hav. Resipienten blir vurdert som å ha svært stor kapasitet.

Straumtilhøva på lokaliteten varierer sterkt med djupne. Vassutskiftingsstraumen kan karakteriserast som sterk (5 – 6 cm/sek målt med dopplermålar), medan spreingsstraumen er medels sterk (2,2 cm/sek, målt med propellmålar). Botnstraumen kan karakteriserast om svært svak (1,1 cm/sek, målt med propellmålar), men straumretninga er stabil. Dette kan ha samband topografien i området med grunnare parti vest for anlegget.

Lokaliteten har ikkje vore i drift på mange år, og vart starta opp att i 2012. Det finst ingen MOM B-undersøkingar frå perioden då lokaliteten var i bruk. Det er difor knytt noko usikkerheit til kva som er bæreevne for lokaliteten. Risiko for at det vil bli for stor belastning vil vere lokal og ikkje påverke resipienten. Denne risikoen vil avhenge av kor stor produksjonen er første generasjon, erfaringa syner at det tar tid å bygge opp botndyrfaunaen som kan omsette det sedimenterende organisk stoffet.

#### *Vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv*

Lokaliteten Otterholmen ligg nord på Radøy og i god avstand frå viktige lakseførande vassdrag. Dette tiltaket inneber berre biomasseauke i anlegget og blir vurdert som å ikkje medføre endringar i høve til naturvern og friluftsliv. Det er eit statleg sikra friluftsområde på Byngja om lag 300 – 400 m aust for anlegget, men største delen av dette området er skjerma mot anlegget.

#### *Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8–12*

Kunnskapsgrunnlaget for denne avgjerda er tufta på miljøundersøkingar, straummålingar og kunnskap om resipienten. Vassførekomsten Mangersfjorden har god økologisk tilstand. Det er ingen registreringar i Naturbase og Artskart som tilseier bruk av føre-var-prinsippet i høve til naturmangfaldet på lokaliteten og i nærområdet. Den samla belastninga på resipienten blir vurdert som liten då resipienten er svært stor.

Kunnskapsgrunnlaget blir vurdert som tilstrekkeleg for å kunne fatte vedtak.

Det er viktig at verksemda prioriterer effektive tiltak mot lakselus og rømming. Når det gjeld viltinteresser, viser vi til vedlegg 2.

Ut frå dei resultata som blir presenterte i søknaden og innsende rapportar, meiner Fylkesmannen det er tilrådeleg å gi løyve til ein biomasse på 3.600 tonn på lokaliteten.

Lokaliteten ligg ute på kysten og anlegget er forventa å gi moderat organisk belastning. Verksemda skal undersøkje miljøtilstanden på lokaliteten med MOM B-undersøkingar etter NS 9410. Verksemda kan bli pålagt å utføre meir omfattande overvaking (MOM-C), eller delta i dei undersøkingane som Fylkesmannen finn nødvendig for å kartleggje forureiningseffekten anlegget har på resipienten, jf. forureiningslova § 51.

### **Risikoklasse**

Verksemda er plassert i risikoklasse 3. Fylkesmannen har lagt forureiningspotensialet og eigenskapane til resipienten til grunn for val av risikoklasse. Han er gradert frå 1 til 4, der 1 er høgaste risiko. Risikoklassen angir forventa ressursbruk ved tilsyn, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Han har òg innverknad på kor ofte vi vil gjennomføre tilsyn med verksemda og storleiken på gebyret ved tilsyn.

### **Gebyr for sakshandsaming**

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjevne i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemda under gebyrsats 4, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye løyve. Verksemda skal betale 20.100 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Klima- og forureiningsdirektoratet sender faktura.

Verksemda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Klima- og forureiningsdirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngeven og skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Klima- og forureiningsdirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

### **Erstatningsansvar**

Utsleppsløyvet frittek ikkje verksemda for erstatningsansvar for forureiningskade, jf. § 10 og kap. 8 i forureiningslova.

### **Klage**

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif), jf. forvaltningslova. Send klagen til Hordaland fylkeskommune innan tre veker etter at anlegget har fått løyve etter akvakulturlova.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan Fylkesmannen eller Klif etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal gjelde før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Partane i saka har etter forvaltningslova §§ 18 og 19 rett til å sjå saksdokumenta. Fylkesmannen kan på førespurnad gi nærare opplysningar om sakshandsaminga.

Helsing

Kjell Kvingedal e.f.  
seksjonssjef

Tom N. Pedersen  
seniorrådgjevar

Vedlegg:                   Utsleppsløyvet (vedlegg 1)  
                                  Tiltak for å sikre mot viltskade (vedlegg 2)

Kopi til:

Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Blom Fiskeoppdrett AS			
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	Manger